

Møteprotokoll - Stølsheimen verneområdestyre - 200726

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- MARTA SOFIE VANGE signert 29.07.2026 med ID-Porten: BankID
- ALEXANDER FOSSE ANDERSEN signert 04.08.2026 med ID-Porten: BankID



Det signerte dokumentet innholder

En forside med informasjon om signaturene, alle originaldokumenter og digitale signaturer.



Dokumentet er forseglet av Posten Bring

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Bring AS. Posten garanterer for autenticiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er signert av Posten Bring AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre

Møtestad: Teams

Dato: 20.07.2026

Tidspunkt: 10:30 - 11:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marta Sofie Vange	Leiar	Vik kommune
Benedicte Kragh	Nestleiar	Voss herad
Geir Helge Østerbø	Medlem	Høyanger kommune
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Møtet var digitalt

Kjetil Eikefet, representant for Modalen kommune møtte ikkje.

Andre frammøtte:

Namn	
Aron Freyr Gudmundsson	verneområdeforvaltar / sekretær
Maria Alarcon Underdal	verneområdeforvaltar / sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Marta Sofie Vange

Alexander Fosse Andersen



Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 15/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/26	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 17/26	Orienteringar og referatsaker		
RS 9/26	Endring av representantar til Stølsheimen verneområdestyre		2024/2160
RS 10/26	Løyve - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Ortnevik grendelag - material til bygningsarbeid på fjellhytte		2025/4242
ST 18/26	Klagehandsaming - retting - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - tiltak ved stølshus - 277/1		2024/13237

ST 15/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.07.2026

Handsaming i møte

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning.

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 16/26 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.07.2026

Handsaming i møte

Framlegg på Alexander Fosse Andersen til å underskriva møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Alexander Fosse Andersen vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.



ST 17/26 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.07.2026

Handsaming i møte

Referatsaker og delegerte saker vart lagt fram til orientering.

Kaia i Finden:

- Styret fekk orientering om uklar eigarstatus for kaia. Kommunen vil ikkje gå vidare med saka no. Det er dyrka mark og registrert privatmerking rundt kaia.
- Styret drøfta behovet for opprydding og merking av stiar i utmark, som er ein del av verneinteressene.

Lemmene foran vindauge gjestehus i Finnabotnen:

- Vilkår om lemmer framfor vindauge var ikkje oppfylte ved synfaring 4.mai 2026. Pålegg per e-post om å etablere lemmer framfor glasdørene, med frist 1.juli vart ikkje følgt.

Skjøtsel av innmark i Finnabotnen:

- Styret tok til orientering at grunneigarar har inngått avtale om gjennomføring av slått på innmarka, i tråd med konsesjonsvilkåret.

Vedtak

Referatsaker og delegerte saker vart tatt til orientering

Kaia i Finden:

- Verneområdeforvaltar jobbar vidare med denne saka og legg fram status på neste møte.

Lemmene foran vindauge i Finnabotn:

- Verneområdeforvaltar sender formelt varsel om retting med frist 1. september.

ST 18/26 Klagehandsaming - retting - Stølsheimen landskapsvernområde - Mørkves-Grøndalen - tiltak ved stølshus - 277/1

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.07.2026

Handsaming i møte

Styre drøfta klagen og vurderte mellom anna presedensverknaden, lik handsaming for ulike aktørar, samt rolla til landbruksdrift i vurderinga av saker i verneområdet. Det vart uttrykt behov for dialog med Miljødirektoratet før endeleg vedtak for å få avklart korleis verneforskrifta kan tolkast i saker som gjeld tilrettelegging ved stølshus. Avklaringa skal gi styret eit fagleg grunnlag før endeleg behandling av klagen.

Vedtak

Saken vert utsett til neste styremøte 7. september.

- Verneområdeforvaltar sender melding til grunneigar om utsetting.
- Styret signaliserer positivitet til samarbeid om Nofence og beiting.
- Forvaltar tek kontakt med Miljødirektoratet før neste møte.

